

Sveriges popdronning toppar jentegjeng

06.03.2015



Her er drøymedama!

Festidalen i år vert ein skikkeleg invasjon av jenter, førebels er 4 av 6 engasjerte artistar jenter og dei er ikkje akkurat andrerangs heller. Toppen er faktisk festivalleiringa si drøymedame, Sveriges popdronning Veronica Maggio, som mellom anna har vunne svenske p3s gullmikrofon som beste liveartist, Her er dei 3 andre:

* Sonja Sol som kom til finalen i NRK Urørt og vann Vestlandssatsinga under eit bransjetreff på Stord. Låta På hjertet vart spelemannsnominert sjølv om det var for debutplata. Ho serverar sot visepop, men ikkje utan tenner.

* Razika som vert tøffare og tøffare og har sluppe album nummer 3. Den startar med Faen ta deg!

* Emilie Nicolas skal vera den feitaste inan elektropop for tida og vann 2 av dei gjevaste spelemannsprisane - årets popsolist og årets nykommar.

Sundag er Kvinnedagen, men ved månadsskiftet juli/august vert ei heil helg i Uskedalen ein samanhengande kvinnedag. Det lovar godt!

Vi reknar sølvsagt med at Delillos også kjem til å syngja om drøymedama under Festidalen. Ho kjem altså ljós levande dit!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen